



Huglen fekk ikkje medhald då han påklaga vedtaket i kommunen om ikkje å tillata bruk av den ambulerande skjenkeretten under julearrangementet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Magne Huglen fekk ikkje medhald av Fylkesmannen då han klaga på vedtaket om ikkje å tillata bruk av den ambulerande skjenkeretten i samband med julearrangementet på Dønhauglåven.**

**Vedtaket i kommunen er med dette stadfesta.**

**Huglen sitt faste skjenkeløyve vart benytta i samband med arrangementet**

Huglen meinte at det ikkje ville vera i strid med alkohollova om ein sa frå seg den faste skjenkeretten ved eit enkelt høve og at kommunen har tolka lova feil.

Under noko tvil finn Fylkesmannen at kommunen sitt skriv om saka er eit enkeltvedtak som kan påklagast til Fylkesmannen.

Utgangspunktet er at Dønhaug har sitt skjenkeløyve som gjeld fram til 30. juni 2012. Fylkesmannen legg til grunn at løyvet ikkje er avgrensa til delar av året eller bestemte anledningar. Spørsmålet er om ein i løpet av løyveperioden kan seie frå seg skjenkeløyvet for eit bestemt høve for deretter igjen å kunne benytta løyvet.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at lova eller førearbeidet til denne opnar for dette. Eit løyve gjeld til det opphøyrer, uavhengig om det vert nytta eller ikkje.. I praksis er det likevel lagt til grunn at ein kan seie frå seg eit løyve dersom ein ikkje lenger ønskjer å ha det, men då seier ein frå seg løyvet permanent og ikkje for eit enkelt høve. Og då må eventuelt søkja pånytt for å få det att.

Også kontrollomsyn talar i mot at det skal vera adgang til å seia frå seg skjenkeløyvet for eit bestemt høve for deretter å ha det i bruk att.. Det vil føre til uoversiktlege tilhøve for kommunane, og gjera det vanskelegare for dei å driva ein effektiv kontroll.

Etter dette finn ikkje Fylkesmannen at det er rettslag grunnlag for å tillata at ein i løpet av løyveperioden kan seie frå seg skjenkeretten for eit bestemt høve.

Av Ola Matti Mathisen